

SØKNAD OM INNLEMMING AV SYKKELGRUPPE I SKODJE IL

Styret i Skodje Sykkelpark (org.nr 917724946) søker med dette om innlemming av tild. Skodje Sykkelpark som ei eiga gruppe underlagt Skodje Idrettslag. Styret i Skodje Aktivitetspark består av Styreleiar: Sigurd Groven, Nestleiar Bjørn Tennø, Økonomiansvarleg: Robert Bjørkedal og Styremedlemmar: Bernt Solvang, Geir Høyberg og Ole Christian Vik.

Grappa har som mål og etablere ei eiga sykkelgruppe under Skodje Idrettslag. Hovudmålet er å opparbeide ei såkalla «pumptrack» som skal stimulere til utvikling av generelle sykkelferdigheiter og leik. Bana skal og fungere som ein sosial arena utanom den organiserte idretten og være tilgjengeleg for alle.

Grappa ser for seg på sikt og etablere anlegget i tre trinn. Førsteprioritet vil være pumptracken som vi ynskjer å legge til den vestvendte tredjedelen av den gamle grusbana. Pumptracken består av ei rekke kular og doserte svingar der ein kan «pumpe» fart på sykkelen ved bruk av armar og bein. Bana vil ha eit underlag av pukk og grus, med 8 cm asfalt oppå. Det er ein stor fordel å bygge bana i asfalt mht vedlikehaldsutgifter, men også for å gi større «aktivitets-bredde».

Trinn to vil bestå av ei rekke hopp i grus (ei såkalla «jumpline») for litt eldre ungdom med meir avanserte sykkelferdigheiter. Trinn tre vil (saman med trinn to) eventuelt ligge i det myrlendte skogsområdet bak den gamle garasja og mellom grusbana og første del av lysløypa og bestå av flyttbare betongelementer for rullebrett, inline-skeiser og sparkesykkel etc.

Vi imøtser også andre greiner innan sykkelporten, slik som stisykling, terrengsykling og landevegssykling dersom trenarressursar er tilgjengeleg.

Vi håpar å opparbeide ein enkel versjon av bana så snart vi har fått etablert grappa og får disponere området. Denne tenkjer vi å finansiere med lokale sponsormidlar. Den vil bestå av enkle grushaugar som blir opparbeidd og forma på dugnad. Dette er kun ei midlertidig løysing slik at borna skal ha eit provisorisk område dei kan nytte med ein gong. Massa vi brukar på dette brukar vi oppatt når sjølve hovudanlegget skal byggast.

Så fort den formelle avtalen med idrettslaget er på plass setter vi i gang jobben med konkrete finansieringsplanar og detaljplanlegging for anlegget. Det vi presenterar i denne søknaden er kun ei midlertidig grovskisse av ymse framdriftsplanar. Søknadar og finansieringsplanar tar vi i samarbeid med idrettslaget og under rådføring av kultursjef Magne P. Fylling. Finansiering vil bestå av diverse fond, legatar og tippemidlar, samt lokale sponsorar og dugnadsinnsats.

Mvh:

Styreleiar Skodje Sykkelpark: Sigurd Groven

